vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

01.06.2016

BLK2002
Dokumentasjon og kvalitet

**Programområde:** Bilskade, lakk og karosseri

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | • Når du løyser oppgåva, må du beskrive dei vala du tar og grunngi dei<br>• Ut ifrå kompetansemåla i læreplanen viser du kompetansen din ved å:<br>  ▪ presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta og forslaga dine til løysing på oppgåva<br>  ▪ trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva<br>  ▪ gjere greie for resultatet/ konsekvensane av dei faglege vala dine<br>  ▪ meistre relevante grunnleggande ferdigheiter<br>  ▪ bruke eksempel der det er relevant<br>  ▪ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og påliteleg måte |

**Oppgåve**

Svar på desse spørsmåla:

Du er tilsett som lærling på ein merkeverkstad, og ein dag kjem ein kunde innom for å sjå til bilen sin som er inne til reparasjon.

1. Korleis vil du ta imot denne kunden?

Bilen til kunden har fått ein ganske kraftig frontskade, og han er litt nysgjerrig på korleis bilen blir reparert, og om han blir like kollisjonssikker som han var før skaden. Ein av grunnane til at han valde akkurat denne bilen var at han er kjend for å vere veldig sikker.

2. Han spør deg om korleis verkstaden din kvalitetssikrar arbeidet som blir utført på bilen hans.

3. Han har høyrt om omgrepa «aktiv» og «passiv» sikkerheit, og han spør om du kan forklare han kva det er.

4. Han spør deg også om fargen på bilen vil stemme med dei nye delane som blir skifta ut. Han er litt engsteleg for om ein vil kunne sjå at bilen har hatt ein kollisjonsskade.

5. Det er første gongen han er inne på ein karosseriverkstad, og ser at det finst mykje utstyr av forskjellig slag. Han spør deg derfor om det er nokon risiko bunde saman med å jobbe på ein slik plass.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | • Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse<br>• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<br>▪ presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven<br>▪ trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger<br>▪ gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg<br>▪ mestre relevante grunnleggende ferdigheter<br>▪ bruke eksempler der det er relevant<br>▪ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte |

**Oppgave**

Svar på disse spørsmålene.

Du er ansatt som lærling på et merkeverksted, og en dag kommer en kunde innom for å se til bilen sin som er inne til reparasjon.

1. Hvordan vil du ta imot denne kunden?

Kundens bil har fått en ganske kraftig frontskade, og han er litt nysgjerrig på hvordan bilen blir reparert, og om den blir like kollisjonssikker som den var før skaden. En av grunnene til at han valgte akkurat denne bilen var at den er kjent for å være veldig sikker.

2. Han spør deg om hvordan ditt verksted kvalitetssikrer arbeidet som blir utført på bilen hans.

3. Han har hørt om begrepene «Aktiv» og «Passiv» sikkerhet, og han spør om du kan forklare ham hva det er.

4. Han spør deg også om fargen på bilen vil stemme med de nye delene som blir skiftet ut. Han er litt engstelig om man vil kunne se at bilen har hatt en kollisjonsskade.

5. Det er første gangen han er inne på et karosseriverksted, og ser at det finnes mye utstyr av forskjellig slag. Han spør deg derfor om det er noen risiko forbundet med å jobbe på en slik plass.

vigo
Interkommunalt selskap